



| Utv.saksnr | Utval | Møtedato |
|------------|--|------------|
| | Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning | 13.10.2017 |

Kommunedelplan for trafikktryggleik 2018 -2021 - hovudrullering

Vedlegg:

- 1 Kommunedelplan for trafikktryggleik 2018 -2021 - 1 revisjon
- 2 Rettleiar for å bli trafikksikker kommune
- 3 Intensjonsavtale

Saksframlegg:

Kommunens trafikktryggleiksgruppe har no revidert kommunedelplanen for trafikktryggleik og er klar for offentlig ettersyn i 6 veker.

Vågå kommune har jf. ei intensjonsavtale med Trygg Trafikk, Statens Vegvesen og Oppland fylkes trafikktryggleiksutval (FTU), som mål å bli godkjent som trafikksikker kommune i løpet av 2017. Dette er eit kvalitetsstempel som syner at Vågå aktivt arbeider for å klare å nærme seg den velkjende nullvisjonen som inneber at ingen skal bli drepane eller hardt skadde i trafikken. For at Vågå kommune skal få eit slik stempel så må følgjande vere på plass:

- ✓ Kommunen har forankra ansvaret for trafikktryggleiksarbeidet hos ordførar og rådmann. Delansvar kan ligge hos den enkelte etatsleiar.
- ✓ Kommunen har eit utval med ansvar for trafikktryggleik.
- ✓ Kommunen har innarbeidd trafikktryggleik i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunens regi, og ved kjøp av transporttenester.
- ✓ Trafikktryggleik er eit årleg tema i kommunens arbeidsmiljøutval (AMU).
- ✓ Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materielle skader) i kommunen.
- ✓ Trafikktryggleik er ein del av kommunens folkehelsearbeid.
- ✓ Kommunen har ein trafikktryggleiksplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutinar. Planen ivaretek både trafikantretta og fysiske tiltak.
- ✓ Kommunen har eit godt system for å behandle søknadar om skyss pga. særleg farleg skuleveg.
- ✓ Kommunen har oppfylt kriteriane for den enkelte sektor.

Ved inngåing av ei intensjonsavtale med Trygg Trafikk, Statens Vegvesen og Oppland fylkes trafikktryggleiksutval (FTU) gjekk Vågå kommune god for at dette er på plass.

Når kommunen er godkjent, bidreg FTU med kr 100 000,- i stimuleringsmidlar til formålet trafikktryggleik. Vågå kommune har allereie fått tildelt kr 20 000,- i starttilskot.

Når kommunen har ein godkjent trafikktryggleiksplan, og er godkjent som trafikksikker kommune, er det er mogleg å søke tilskot på delar av kostnadane på tiltak som er med på å auke trafikktryggleiken. Dette med atterhald om ein viss prosent a vedteke midlar som eigenbidrag.

Krava til kommunen ved slike søknadar er vanlegvis:

Kommunen bes om å sende en samlet søknad om tilskudd, der følgende vilkår er oppfylt:

1) Tiltakene må være nedfelt og være høyt prioritert i en gjeldende kommunal trafikksikkerhetsplan som er revidert de siste fire år. Dersom tiltak ikke er nedfelt i planen, men skal innrulleres, må det foreligge et rulleringsvedtak.

2) Trafikkopplæring i barnehage og skole og aktiv deltakelse fra folkehelsekoordinator / helsesøster eller tilsvarende funksjoner i det forebyggende trafikksikkerhetsarbeidet skal være synliggjort i kommunens trafikksikkerhetsplan.

3) Tiltakene må være beskrevet og stedfestet (område, strekning, punkt). Legg ved oversiktskart som lokaliserer tiltaket i forhold til skole o.l. Bruk vedlagte søknadsskjema.

4) Tiltakene må begrunnes.

5) Det må foreligge en kostnadsberegning av hvert enkelt tiltak. Fysiske tiltak må ha en kostnadsberegning på minimum 50 000 kroner pr. tiltak. Holdningsskapende tiltak kan ha lavere kostnadsberegning.

6) Søknad om tilskudd til fysiske tiltak må dokumentere at det foreligger godkjent reguleringsplan for prosjektet i den grad dette er relevant.

7) Nødvendige grunnverv skal være avklart før søknaden sendes eller etter nærmere avtale med sekretariatet.

8) Kommunens egenandel må være avklart og bekreftet. Unntaksvis kan det gis forhåndsløfte om tilskudd under forutsetning om finansieringsavklaring innen en avtalt frist.

9) Dersom det søkes om tilskudd til flere tiltak må tiltakene være innbyrdes prioritert.

10) Kommunens trafikksikkerhetsplan i oppdatert versjon og eventuelle rulleringsvedtak (jfr. pkt. 1) skal vedlegges søknaden.

Vurdering:

Ein kommunal trafikktryggleiksplan er eit viktig arbeidsreiskap for kommunen som vegmyndigheit. Med ein slik plan har Vågå kommune eit godt grunnlag for trafikktryggleiksarbeid i planperioden.

Ein trafikktryggleiksplan vil vere viktig og skal ha innhald som er retta mot haldningsskapande og fysiske tiltak som skulle vore utført, eller vore utbetra.

Ein slik plan skal innehalde informasjon om statistikk på ulykker og utfordringar som kommunen står ovanfor når det gjeld trafikktryggleiken og effektmål i planperioden. Det skal også kome fram korleis organisering av ansvar vert fordelt når det kjem til trafikktryggleik.

Dersom Vågå kommune skal få innvilga tilskotsmidlar for trafikktryggleik må det gjerast vedtak på budsjett før søknadar vert sendt.

Rådmannens innstilling:

1. Forslag til kommunedelplan for trafikktryggleik 2018-2021 vert lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker.
2. Planen vert teke opp til sluttbehandling i kommunestyret innan utgangen av 2017.